

# Valldal 2029

## Olav i folketradisjonen

Tidleg i januar 1029 segla Olav Haraldsson inn Storfjorden med 5 skip og 400 mann. Han gjekk i land på Sylte i Valldal, og rømde opp Valldalen og over til Sverige og Gardariket.

Snorre skriv utførleg om dagane Olav var i Valldal, og det er klart at han såg på denne ferda som eit viktig kapittel i soga om Olav. Denne ferda har også sett djupe spor i folkeminnet. Mange segner og legender er vakse fram på folkemunne i bygdene rundt Storfjorden.

Med prosjektet «Valldal 2029» ønsker vi å gje ei levande framstilling av både det historiske stoffet og av tradisjonsstoffet som har vakse fram gjennom dei tusen åra som har gått. Denne historia fortener å bli betre kjend, men vi ønsker også å sjå korleis folketradisjonen er i dag og korleis den kan bringe oss vidare inn i framtida.



# Prosjekt Valldal 2029

Utvikling og verdiskaping langs  
Valldalsleia 2020-2029

# Bakgrunn

- 6.september 2015 vart Valldalsleia formelt godkjent som ein del av Pilegrimsleden – nettverket av vegar som leier til Nidarosdomen, Olav den heilage si gravkirke i Trondheim
  - Frå Valldal til Dovrefjell. Der kjem ein inn på Gudbrandsdalsleden som går til Trondheim.
  - Status som europeisk kulturveg.
  - Kommunane Fjord, Rauma, Lesja og Dovre – søknad og godkjenning i fylkeskommunane Møre og Romsdal og Innlandet
- 2018-2019 Forprosjekt for utvikling og verdiskaping langs Valldalsleia
  - Fjord kommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fjordhagen AS prosjektleiar
  - Valldal utpeikt som vertskapsstad for «Nasjonaljubileet 2030 – Norge i tusen år» i 2029
- 2020-2029 Hovedprosjekt «Valldal 2029»
  - Fjord kommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune si satsing «Ein bit av historia»
  - Delprosjekt «Villreinfjellet som verdiskapar langs Valldalsleia»
  - Delprosjekt «Klosterstien over Syltefjellet»

# Organisering hovedprosjekt Valldal 2029

- Prosjekteigar/prosjektansvarleg: Fjord kommune v/Eva Hove
- Prosjektleiar: Terese Jemtegård Moen, Fjordhagen AS
- Styringsgruppe: Kristi Linge Stakkestad - Fjord kommune (leiar), Hildegunn Haanes Ruset - Møre og Romsdal fylkeskommune, Anette Elin Koch - Møre og Romsdal fylkeskommune, Berit Hjertø - Fjord kommune.
- Arbeidsgrupper:
  - Kyrkje/tru/livssyn – Norddal sokneråd sitt pilegrimsutval, Nonneklosteret på Ruset
  - Kultur – ABM-sektoren i fylket (arkiv, bibliotek, museum) + kultur/bibliotek Fjord
  - Næring – næringsaktørar med produkt og tenester knytt til Valldalsleia
  - Miljø/grøn turisme – engasjerte frivillige i Vennelaget for Valldalsleia
- Referansegruppe – interessentar og samarbeidspartnerar

# Aktivitetar første prosjektperiode 2021-2024

- Etablere og drifte Vennelaget for Valldalsleia – for frivillig innsats
- Utvikle og teste nye formidlingskonsept
- Oppgradering av Klosterstien over Syltefjellet
- Planlegging av nasjonal markering i Valldal 2029 i samband med «Nasjonaljubileet – Norge i tusen aar»
- Arrangere Valldalslei-konferansen kvart år
- Vidareutvikle Olsok i Valldal
- Utvikle nye tilbod saman med næringsaktørar
- Utvikle god infrastruktur og gode vertskap
- Skaffe bilde-, film- og tekstmateriell til marknadsføring

# Så langt...

- Facebookgruppe Valldal 2029
- Barnebokprosjekt Linn Sunne under planlegging
- Manuskartlegging, spel
- Musikalsk og kunstnerisk tablå med Stian Omenås under planlegging
- Valldalsleia – bit for bit gjennomført frå Valldal sentrum i Fjord til Tunga i Rauma
- Mikrobibliotek/utebibliotek under planlegging
- Test av temakveld/foredrag på biblioteket gjennomført
- Kystpilegrimstur frå nøkkelstad Borgund til Valldal under planlegging
- Valldalslei-konferansen med verdiskapingsseminar 6.-7.oktober
- Vidareutvikling Olsok i Valldal – utvida arrangement i 2022
- Delprosjekt Villreinen som verdiskapar langs Valldalsleia i gang
- Delprosjekt oppgradering av «Klosterstien over Syltefjellet» under planlegging